

Utval: Fylkesutvalet**Møtestad:** Synfaring på Flesland og møte med saksbehandling i fylkeshuset, Bergen**Dato:** 19.05.2016**Tidspunkt:** 09.00-17.15**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	Permisjon frå kl. 16.25
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	Til kl. 13.25
Terje Søviknes	Medlem	Frp	Frå kl. 11.30
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	Forfall kl. 11.00-14.30
Pål Kårbø	Fung. fylkesordførar	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A
Helge Nævdal	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	
Synnøve Solbakken	Anne Gine Hestetun	A	
Kjell Håland	Helge Nævdal	A	Permisjon frå kl. 16.55
Stein Inge Ryssdal	Silja Ekeland Bjørkly	H	Frå kl. 13.25
Sigbjørn Framnes	Terje Søviknes	Frp	Kl. 09.00-11.00
Sigbjørn Framnes	Silje Hjemdal	Frp	Kl. 11.00-14.30

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar/stedfortredar for fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet
Gunbjørg S. Hanssen	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 116/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 117/16	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 118/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 73/16	Svar på oversending - statens evaluering av superbussprosjektet	2016/412	
RS 74/16	Kopi - Samfunnsmål og mandat for konseptvalgutredning (KVU) rv 7/rv 52 Gol-Voss	2014/16667	
RS 75/16	Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen - Helleskaret i Os kommune	2016/2024	
RS 76/16	Belønningsordningen - Bergen - svar på søknad om ekstra midler	2014/10571	
RS 77/16	Belønningsordningen - Bergen - utbetaling av midler 2016	2014/10571	
RS 78/16	Prøveordning om utbygging av gang- og sykkelveg på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett etter forenkla standard	2015/12737	
RS 79/16	Kunngjorte konkurranser om drift av fylkesvegferjesamband	2014/19309	
RS 80/16	Aksjonsgruppen for bedre Skyss - busstilbud til og fra Varden	2015/9919	
RS 81/16	Asfaltprogrammet fylkesveg 2016	2016/4157	
RS 82/16	Konferansen FARGESPILL-FLERE FARGER september 2016	2016/646	
RS 83/16	Fredingsarbeidet i Hordaland	2014/651	
RS 84/16	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. mai 2016	2015/10348	
RS 85/16	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogrammet for næringsutvikling i Hordaland pr. 31.03.2016	2014/10180	
RS 86/16	Status næringshagar i Hordaland 2016	2016/3976	
RS 87/16	Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030	2016/4706	
RS 88/16	Justering av tilbudsstruktur - økonomiske konsekvensar av vedtaket i OPHE 28.04.16	2016/3735	
RS 89/16	Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar	2016/2837	
RS 90/16	Handsaming av overtalssaker våren 2016	2016/4580	
RS 91/16	Hordaland fylkeskommune sin innsats for å styrke de tilsettes yringsfridom	2016/4071	
RS 92/16	Førebudd på framtida - status mai 2016	2014/12398	
RS 93/16	Oppdatering av kriteriet «Innbyggjar busette spreitt» - utkast til svarbrev	2016/4814	
PS 119/16	Delegerte saker		
PS 120/16	Kommunekraft AS - kandidat til styret	2015/8173	
PS 121/16	Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017	2016/3735	

PS 122/16	Open høyring - rullering Skulebruksplanen 2017-2030	2016/4130
PS 123/16	Odda vgs - rehabilitering og ombygging av yrkesfagbygget	2016/4009
PS 124/16	Nye Åsane vidaregåande skole- som Vardeprosjekt	2015/9824
PS 125/16	Høyring - endringar i forskrift til friskolelova m.m.	2016/4193
PS 126/16	Høyring - Rapporten "Kunnskapssektoren sett utenfra"	2016/690
PS 127/16	Søknad om støtte til prosjektstilling for å fremje nynorsk i språkopplæringa	2016/990
PS 128/16	Ajourføring av forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune	2016/3905
PS 129/16	Prinsippsak - delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet	2014/1015
PS 130/16	Ruteendring i Bergensområdet haust 2016 og bruk av auka budsjetttrammer	2014/278
PS 131/16	Søknad frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger	2016/3018
PS 132/16	Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen med høyringsinnspel	2014/17909
PS 133/16	Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet	2014/505
PS 134/16	Evaluering av drosjeverksemnda i distrikta i Hordaland	2015/11689
PS 135/16	Statusendring av veg fv. 7 utanfor Lussanberget i Granvin herad	2016/1085
PS 136/16	Statusrapport museumsplanen 2012-2015	2014/15734
PS 137/16	Restaurering av verneverdige bygg - budsjettfordeling	2016/2297
PS 138/16	Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk	2016/4103
PS 139/16	Brukarkvotar i Transportordninga for funksjonshemma	2016/840
PS 140/16	Bømlopakken - auka lånegaranti	2016/836
PS 141/16	Godkjenning av årsrekneskapen 2015	2014/10498
PS 142/16	Finansrapport 1. tertial 2016	2014/927
PS 143/16	Tertialrapport pr. april 2016 - rekneskapsprognose.	2016/4742
PS 144/16	Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribygge og varmelegg	2015/12709
PS 145/16	Evaluering av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar	2016/4186
PS 146/16	Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - Nytt vedtak	2014/1512
PS 147/16	Uttale til Høring - Råd i kommuner og fylkeskommuner for ungdom, eldre og personer med nedsett funksjonsevne	2016/1883
PS 148/16	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2015	2016/4551
PS 149/16	Beredskap i Hordaland fylkeskommune - premissar for overordna ROS-analyse	2014/15688
PS 150/16	Søknad om samtykke for handelsareal i Områdereguleringsplan for Semelteverkstomta - sentrum i Odda by - Odda kommune	2014/14561
PS 151/16	Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"	2014/12509

PS 152/16	Mål og visjon for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune	2014/15688
PS 153/16	Regional planstrategi 2016-2020 - vedtak av høyringsforslag	2015/7064
PS 154/16	Ymse	

PS 116/16 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesordføraren orienterte om følgjande:

PS 151/16 om Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune" vart trekt frå saklista i administrasjonsutvalet sitt møte 18. mai, og vert difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

Ettersendingar lagt på ePolitiker:

- 13. mai: Innstillingar frå møtet i utval for kultur, idrett og regional utvikling 10. mai.
- 18. mai: Tillegg til PS 143/16 med forslag til budsjettendringar/vedtak (forslag frå fylkesrådmannen).
- 18. mai: Ny RS 93/16.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med merknaden ovanfor.

PS 117/16 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 20.04.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 118/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

I samband med RS 90/16 «Handsaming av overtalssaker våren 2016» bad **Aud Karin Oen (SV)** om at fylkesutvalet får ytterlegare informasjon om korleis fylkeskommunen handterer dei som er overtalige. Fylkesrådmannen stadfesta at slik orientering vil verte gjeve på eit seinare tidspunkt.

I samband med RS 81/16 «Asfaltprogrammet fylkesvegar 2016», inviterte **Nils Marton Aadland (H)** til eit samarbeid om å auke potten til asfaltprogrammet i neste års budsjett. Med dagens tempo (60 km ny asfalt i 2016), vil det ta om lag 50 år å få nyasfaltert alle fylkesvegane. Dette vil vere uheldig m.o.t. både tryggleik og framkomst.

I samband med RS 73/16 «Svar på oversending - statens evaluering av superbussprosjektet» viste **Silje Hjemdal (Frp)** til handlingsprogrammet for Bergensprorgammet og etterspurde status for utbetring av haldeplassar slik at dei kan passe for superbussar. Fylkesrådmannen opplyste mellom anna at pga. bussane sin avgrensa trekkraft, vil dette avgrense kvar bussane kan gå. Han vil kome tilbake med orientering om trekkraft og haldeplassar i eit seinare møte.

I samband med RS 87/16 «Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030» påpeikte **Mona Røsvik Strømme (H)** at det er viktig at konsesjonskraftregimet vert oppretthalde.

I samband med RS 87/16 sette **Roald Kvamme (A)** fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

«Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd eit brev med innspel til Stortinget si handsaming av energimeldinga «Kraft til endring - energipolitikken mot 2030». Brevet skal belysa konsekvensar for Hordaland av forslaga i meldinga.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 93/16 «Oppdatering av kriteriet «Innbyggjar busette spreitt» - utkast til svarbrev» påpeikte **Roald Kvamme (A)** at den skisserte endringa vil ramme Hordaland fylkeskommune hardt økonomisk. Han oppmoda medlemene i fylkesutvalet om å følgje opp dette m.a. overfor sentrale stortingspolitikarar.

I samband med RS 91/16 «Hordaland fylkeskommune sin innsats for å styrke dei tilsette sin yringsfridom» stilte **Tom Sverre Tomren (MDG)** spørsmål ved om notatet gjev gode nok svar på bestillinga frå statsråden. Fylkesrådmannen viste til Hordaland fylkeskommune sine etiske retningslinjer og orienterte om korleis yringsfridom for tilsette vert praktisert i fylkeskommunen.

I samband med RS 78/16 «Prøveordning om utbygging av gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett etter forenkla standard» spurde **Anne Beth Njærheim (V)** om korleis slike prosjekt kan gjerast billegare. Fung. fylkesordførar opplyste at KS vil arrangere ein konferanse om vegstandardar til hausten.

I samband med RS 75/16 «Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen - Helleskaret i Os kommune» påpeikte **Benthe Bondhus (Sp)** at sjølv om det er positivt at ressursar på staden vert brukt til uprioriterte prosjekt, bør ein sjå alle prosjekta i samanheng.

PS 119/16 Delegerete saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Vedtak

Det var ingen delegerete saker.

PS 120/16 Kommunekraft AS - kandidat til styret

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande som medlem og varamedlem i styret for kommunekraft AS:

Medlem:

Varamedlem:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Mona Røsvik Strømme (H) gjorde framlegg om Benthe Bondhus som medlem og Anne Beth Njærheim som varamedlem i styret for kommunekraft AS.

Røysting

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande som medlem og varamedlem i styret for kommunekraft AS:

Medlem: Benthe Bondhus

Varamedlem: Anne Beth Njærheim

PS 121/16 Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017

Forslag til innstilling

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Indusitriteknologi
Askøy videregående skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil
2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skule blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Roger Pilskog LO-H sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda 21. april - Justering av tilbudsstruktur

Yrkesopplæringsnemnda er enig i at dersom det ikke finnes tilstrekkelig med søkere til et tilbud, kan det ikke opprettes klasser, selv om læreplasser finns. Samtidig registreres at det finnes noen søkere. Nemda ber derfor om at læreplassene som finns, og mulighetene for alternative løp, synliggjøres for disse søkerne.

I fylkesrådmannens notat til saksfremlegget, fremgår at yrkesopplæringsnemnda har sterkt frarådd opprettelse av tilbud om VG1 Medieproduksjon. Dette er en misforståelse, nemda har tidligere kun uttalt seg om Media og kommunikasjon VG1 og VG2.

VG1 Medieproduksjon er i motsetning til det tidligere media og kommunikasjon, yrkesrettet mot læreplass. Etter læretid og fagprøve kvalifiseres det til mediegrafiker, eventuelt fotograf. Det er korrekt at det ikke finnes læreplass av betydning i fotograffaget, og at det ikke gir grunnlag for å etablere klasse.

Yrkesopplæringsnemnda kan imidlertid ikke se at arbeidslivets behov er undersøkt hos mediebedriftene. Etter yrkesopplæringsnemndas erfaring, er antall ansatte i disse bedriftene i Hordaland omlag 200. Dette er bedrifter som har tradisjon for å ta i mot lærlinger. Bedriftene har hatt et rekrutteringsproblem fra det tidligere media og kommunikasjonsfaget, som ikke fungerte. Det er en av årsakene for at det nye tilbudet nå opprettes.

Yrkesopplæringsnemnda mener derfor at det må gjøres en grundig undersøkelse av mediebedriftenes behov for arbeidskraft og mulighet for inntak av lærlinger, før det tas beslutning om å ikke opprette tilbudet.»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart vedteke som innstilling til utval for opplæring og helse som nytt punkt 5 i saka.

Innstilling til utval for opplæring og helse

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skole:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skole blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.
5. Yrkesopplæringsnemnda er enig i at dersom det ikke finnes tilstrekkelig med søkere til et tilbud, kan det ikke opprettes klasser, selv om læreplasser finns. Samtidig registreres at det finnes noen søkere. Nemda ber derfor om at læreplassene som finns, og mulighetene for alternative løp, synliggjøres for disse søkerne.

I fylkesrådmannens notat til saksfremlegget, fremgår at yrkesopplæringsnemnda har sterkt frarådd opprettelse av tilbud om VG1 Medieproduksjon. Dette er en misforståelse, nemda har tidligere kun uttalt seg om Media og kommunikasjon VG1 og VG2.

VG1 Medieproduksjon er i motsetning til det tidligere media og kommunikasjon, yrkesrettet mot læreplass. Etter læretid og fagprøve kvalifiseres det til mediegrafiker, eventuelt fotograf. Det er korrekt at det ikke finnes læreplass av betydning i fotograffaget, og at det ikke gir grunnlag for å etablere klasse.

Yrkesopplæringsnemnda kan imidlertid ikke se at arbeidslivets behov er undersøkt hos mediebedriftene. Etter yrkesopplæringsnemndas erfaring, er antall ansatte i disse bedriftene i Hordaland omlag 200. Dette er bedrifter som har tradisjon for å ta i mot lærlinger. Bedriftene har hatt et rekrutteringsproblem fra det tidligere media og kommunikasjonsfaget, som ikke fungerte. Det er en av årsakene for at det nye tilbudet nå opprettes.

Yrkesopplæringsnemnda mener derfor at det må gjøres en grundig undersøkelse av mediebedriftenes behov for arbeidskraft og mulighet for inntak av lærlinger, før det tas beslutning om å ikke opprette tilbudet.

Forøvrig tilrår nemnda fylkesrådmannen si innstilling.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Daniel Charles Hextall (SV) sette fram slikt forslag:

«Endre punkt 3: Opprette mediaproduksjon på Årstad.

Nytt punkt 5: Dimensjonerer for to parallelle klasser på studieforberevende VG1 ved Garnes vgs.»

Solbjørg Marjala (R) sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag med slike endringar:

1. Utdanningsprogrammet TIP ved Arna vidaregåande skole vert oppretthalde. Arna vidaregåande skule har eit godt skulemiljø med lavt fråfall og eit godt fagleg miljø. I tillegg er Arna bydel i vekst som treng gode vidaregåande skular.

2. Odda vgs skole ønskjer å oppretthalde tilbodet og har gode løysingar for å oppretthalde programfaget gjennom eit nært samarbeid med næringslivet i regionen slik at deler av opplæringa blir gjort ute i bedrifter samt at dei foreslår eit tett samarbeid mellom VG 2 industrideknologi og VG 2 kjøretøy som saman vil utgjere eit godt nok elevgrunnlag. Av denne grunnen blir VG 2 kjøretøy oppretthalde.

3. I notatet frå fylkesmannen står det at fylket har ein auke i søkjartalet til bygg- og anleggsteknikk. Likevel blir det foreslått å legge ned tilbodet ved Norheimsund vgs. Skulen sjølv ønskjer å oppretthalde tilbodet og argumenterer for at der er eit stort lokalt behov for læreplassar. Då det både er høge søkjartal til bygg og anlegg samt at ein her har tilgang på lokale læreplassar, blir skulen sitt ønskje om oppretthalding av VG 1 bygg- og anleggsteknikk imøtekome.»

Røysting

Hextall sitt forslag, første setning, fekk to røyster (SV, R) og fall.

Hextall sitt forslag, andre setning, fekk to røyster (SV, R) og fall.

Marjala sitt forslag, punkt 1, vart vedteke med 8 røyster (R, SV, V, H, Frp, MDG).

Marjala sitt forslag, punkt 2, vart vedteke med 10 røyster (R, SV, 2A, V, H, Frp, MDG).

Marjala sitt forslag, punkt 3, vart vedteke med 8 røyster (R, SV, V, H, Frp).

Innstillinga med Marjala sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slik protokollmerknad:

«Ber om at dei økonomiske konsekvensane av vedtaket blir lagt fram til fylkesutvalet sitt møte.»

Innstilling til fylkesutvalet

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Indusstrideknologi
Askøy vidaregåande skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar

3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skole blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15. september.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Mari Klokkestuen Kjellesvik (A) sette fram slikt forslag:

1. «Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad videregående skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda videregående skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund videregående skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund videregående skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss videregående skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa videregående skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna videregående skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna videregående skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra videregående skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim videregående skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim videregående skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik videregående skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa videregående skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skole blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15. september.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Likelydande som forslaget frå utval for opplæring og helse, minus Norheimsund vgs Bygg og anlegg:

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad videregående skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Norheimsund videregående skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund videregående skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss videregående skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa videregående skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna videregående skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra videregående skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim videregående skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim videregående skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik videregående skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa videregående skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skole blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for

minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15. september.»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Mari Klokkestuen Kjellesvik sitt forslag, med nytt punkt 5:
Vg 2-kjøretøy ved Odda vgs vert ikkje lagt ned. Tilbodet må gjevast innanfor gjeldande økonomisk ramme for skulen. Det at elevane må flytta på hybel vert vektlagt.»

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Innstillinga fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

Oen sitt forslag fekk 8 røyster (SV, A, Sp, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy vidaregåande skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:

Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.

3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad vidaregåande skule blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15. september.

5. Vg 2-kjøretøy ved Odda vgs vert ikkje lagt ned. Tilbodet må gjevast innanfor gjeldande økonomisk ramme for skulen. Det at elevane må flytta på hybel vert vektlagt.

PS 122/16 Open høyring - rullering Skulebruksplanen 2017-2030

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek å legge forslag til rullert Skulebruksplan ut på open høyring. Høyringsfrist er 1. juli 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ved endeleg handsaming av planen vert reisetid med kollektiv lagt til grunn.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag vart mot 5 røyster (H, Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å legge forslag til rullert Skulebruksplan ut på open høyring. Høyringsfrist er 1. juli 2016.

PS 123/16 Odda vgs - rehabilitering og ombygging av yrkesfagbygget

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner forprosjekt for rehabilitering av yrkesbygget ved Odda vgs. med ei kostnadsramme på 122 mill. kr.
2. For 2016 vert det fordelt 35 mill. kr. frå samlebudsjettet for «Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren».
3. Dei resterande løyvinga vert innarbeid i investeringsbudsjetta for 2017 og 2018.
4. Det vert gjort følgjande budsjettendring i 2016:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628.020.00	02301	02131	Odda vgs. – Rehabilitering	35 000 000	
10 777.021.00	02301	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		35 000 000
				35 000 000	35 000 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenner forprosjekt for rehabilitering av yrkesbygget ved Odda vgs. med ei kostnadsramme på 122 mill. kr.
2. For 2016 vert det fordelt 35 mill. kr. frå samlebudsjettet for «Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren».
3. Dei resterande løyvinga vert innarbeid i investeringsbudsjetta for 2017 og 2018.
4. Det vert gjort følgjande budsjettendring i 2016:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628.020.00	02301	02131	Odda vgs. – Rehabilitering	35 000 000	
10 777.021.00	02301	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		35 000 000
				35 000 000	35 000 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner forprosjekt for rehabilitering av yrkesbygget ved Odda vgs. med ei kostnadsramme på 122 mill. kr.
2. For 2016 vert det fordelt 35 mill. kr. frå samlebudsjettet for «Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg

i skulesektoren».

3. Dei resterande løyvinga vert innarbeid i investeringsbudsjetta for 2017 og 2018.
4. Det vert gjort følgjande budsjettendring i 2016:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 628.020.00	02301	02131	Odda vgs. – Rehabilitering	35 000 000	
10 777.021.00	02301	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		35 000 000
				35 000 000	35 000 000

PS 124/16 Nye Åsane videregående skole- som Vardeprosjekt

Forslag til innstilling

Nye Åsane vgs vert bygd etter prinsippa for eit Vardeprosjekt ved at det vert stilt krav om lærlingar i tråd med lærlingklausulen for offentlege kontraktar. Vidare skal det leggjast til rette for samarbeid med universitet og/eller høgskulesektoren for prosjekt innan energiøkonomisering.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Rasmus Rasmussen (A) sette fram slikt forslag:

«Endring:
Nye Åsane vgs vert bygd etter prinsippa for eit Vardeprosjekt. Vidare skal det...»

Røysting

Innstillinga med Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Nye Åsane vgs vert bygd etter prinsippa for eit Vardeprosjekt. Vidare skal det leggjast til rette for samarbeid med universitet og/eller høgskulesektoren for prosjekt innan energiøkonomisering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Nye Åsane vgs vert bygd etter prinsippa for eit Vardeprosjekt. Vidare skal det leggjast til rette for samarbeid med universitet og/eller høgskulesektoren for prosjekt innan energiøkonomisering.

PS 125/16 Høyring - endringar i forskrift til friskolelova m.m.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune støttar framlegga til endringar i forskrift til friskulelova med dei merknadene som kjem fram av høyringssvaret.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag (a):

«Hordaland fylkeskommune støtter fremlegget til endringer i forskrift til friskoleloven med de merknadene som kommer frem i høyringsvaret med følgende endringer:
13. Fylkeskommunen støtter ikke fremlegget.
14. Fylkeskommunen har ingen mening om SFO.

19. Fylkeskommunen mener at friskolene bør kunne tilby tilleggskurs til sine elever.
20. Fylkeskommunen støtter framlegget.»

Elizabeth Toft Erichsen (V) sette på vegner av H/V/Frp/MDG fram slikt forslag:

- «13. Fylkeskommunen støtter ikkje framlegget.
14. Fylkeskommunen har inga meining om SFO.
18. Fylkeskommunen støttar ikkje framlegget.
19. Fylkeskommunen mener at friskolene bør kunne tilby tilleggskurs til sine elever.
20. Fylkeskommunen støtter framlegget.»

Ljosland og Erichsen trekte forslaga sine.

Tor Andre Ljosland (KrF) sette på vegner av R/SV/A/Sp/KrF/MDG/V/H/Frp fram slikt forslag (b):

- «Hordaland fylkeskommune støtter framlegget til endringar i forskrift til friskulelova med dei merknadane som kjem fram i høyringssvaret med følgjande endringar:
13. Fylkeskommunen støtter ikkje framlegget.
14. Fylkeskommunen har ingen meining om SFO.
19. Fylkeskommunen meiner at friskulane bør kunne tilby gratis tilleggskurs til sine elevar.
20. Fylkeskommunen har ingen meining.»

Røysting

Ljosland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune støtter framlegget til endringar i forskrift til friskulelova med dei merknadane som kjem fram i høyringssvaret med følgjande endringar:

13. Fylkeskommunen støtter ikkje framlegget.
14. Fylkeskommunen har ingen meining om SFO.
19. Fylkeskommunen meiner at friskulane bør kunne tilby gratis tilleggskurs til sine elevar.
20. Fylkeskommunen har ingen meining.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

- «Hordaland fylkeskommune støttar framlegga til endringar i forskrift til friskulelova med dei merknadane som kjem fram av høyringssvaret.»

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar framlegget til endringar i forskrift til friskulelova med dei merknadane som kjem fram i høyringssvaret med følgjande endringar:

13. Fylkeskommunen støttar ikkje framlegget.
14. Fylkeskommunen har inga meining om SFO.
19. Fylkeskommunen meiner at friskulane bør kunne tilby gratis tilleggskurs til sine elevar.
20. Fylkeskommunen har inga meining.

PS 126/16 Høyring - Rapporten "Kunnskapssektoren sett utenfra"

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med dei merknadene som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Elizabeth Toft Erichsen (V) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med følgjande merknader:

- Fylkesutvalet merkar seg at dersom Udir skulle få ei meir formell rolle i utviklinga av lærarutdanninga, så vil dette vere ei radikal endring i tenkinga rundt høgare utdanning.
- Fylkesutvalet meiner at ansvaret for arbeidet med rettleiing og rådgiving mot skular og barnehagar framleis skal ligge i Udir, og det kan vere behov for å styrke denne delen av Udir. Dette for å sikre at fylkeskommunar og kommunar framleis får same oppfølging, og at arbeidet med kvalitet og utvikling skulle vere samla i eit større organ.
- Fylkesutvalet meiner at tilnærminga til internasjonalisering som ein integrert del av utdanning og forskning ikkje vil bli like synleg dersom oppgåvene blir delte på fleire organ. Fylkesutvalet meiner at SIU bør vidareførast som i dag og bli tildelt fleire oppgåver, som til dømes godkjenning av utanlandsk utdanning. I eit regionalt perspektiv vurderer fylkesutvalet det også som viktig å halde på kompetansen og arbeidsplassane knytt til SIU si verkemd.»

Erichsen trekte forslaget sitt.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med dei merknadene som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dei overordna tilrådingane i rapporten med dei merknadene som går fram av saksframlegget.

PS 127/16 Søknad om støtte til prosjektstilling for å fremje nynorsk i språkopplæringa

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sitt forslag om å løyve 100 000,- til Bergen Mållag for å opprette ei eittårig prosjektstilling. Løyvinga vert dekt over tilleggsloøyvingskontoen til fylkesutvalet.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Dan Stian Femoen (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Det skal verte vektlagt å finne ut av årsaka til at elevar byter hovudmål frå ungdomsskule til vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga med Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sitt forslag om å løyve 100 000,- til Bergen Mållag for å opprette ei eittårig prosjektstilling. Løyvinga vert dekt over tilleggløyvingskontoen til fylkesutvalet.

Det skal verte vektlagt å finne ut av årsaka til at elevar byter hovudmål frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Endra første setning i avsnitt 1:

Fylkesutvalet løyver kr 100 000,- til Bergen Mållag for å opprette ei eittårig prosjektstilling.

Løyvinga vert dekt over tilleggløyvingskontoen til fylkesutvalet.

Det skal verte vektlagt å finne ut av årsaka til at elevar byter hovudmål frå ungdomsskule til vidaregåande skule.»

Røysting

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000,- til Bergen Mållag for å opprette ei eittårig prosjektstilling. Løyvinga vert dekt over tilleggløyvingskontoen til fylkesutvalet.

Det skal verte vektlagt å finne ut av årsaka til at elevar byter hovudmål frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

PS 128/16 Ajourføring av forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget vedtek forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement slik ho er lagt fram i saka.
- 2 I § 1 (6) vert det lagt inn ei tilvising til kapittel 9a slik at regelen lyder:
« Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).
- 3 Ny § 3 skal lyde:
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1.»
- 4 4. I § 4 (8) a vert «truslar» lagt til slik at regelen lyder:
«Følgjande handlingar er forbode
a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje førekome.»
- 5 Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vert sett i kraft 01.08.2016.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement slik ho er lagt fram i saka.
2. I § 1 (6) vert det lagt inn ei tilvising til kapittel 9a slik at regelen lyder:
« Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtfærd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).
3. Ny § 3 skal lyde:
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1.»
4. I § 4 (8) a vert «truslar» lagt til slik at regelen lyder:
«Følgjande handlingar er forbode
 - b. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtfærd skal ikkje førekome.»
5. Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vert sett i kraft 01.08.2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement slik ho er lagt fram i saka.
2. I § 1 (6) vert det lagt inn ei tilvising til kapittel 9a slik at regelen lyder:
« Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtfærd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).
3. Ny § 3 skal lyde:
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1.»
4. I § 4 (8) a vert «truslar» lagt til slik at regelen lyder:
«Følgjande handlingar er forbode
 - a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtfærd skal ikkje førekome.»
5. Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vert sett i kraft 01.08.2016.

PS 129/16 Prinsippsak - delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet – Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompengeneinkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningsliner. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Endeleg framlegg til bompengesatsar vert fremja først når det er klart om planprogrammet er i tråd med Stortinget sitt klimaforlik med gjennomgåande kollektivtrasé og muligheit for skinnegåande transport.
4. Fylkesutvalget er åpen for, og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehalde veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkesutvalet er imidlertid skeptiske til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtidsretta og moderne måte å finansiere samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlige veganlegg gir større finanskostnadar som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet."

Renate M. Klepsvik (Frp) sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkestinget er positiv til utbygginga av Rv 555 Storavatnet-Kolltveit Sotrasambandet.

Fylkestinget ser ikkje at nokon av dei tre skisserte alternativa er tenlege for prosjektet. Sotrasambandet er viktig i nasjonalt perspektiv, og fylkeskommunen må syta for at auka statleg finansiering sikrar fullfinansiering av Sotrasambandet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Klepsvik sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 3 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompengeneinkreving i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningsliner. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

3. Endeleg framlegg til bompengesatsar vert fremja først når det er klart om planprogrammet er i tråd med Stortinget sitt klimaforlik med gjennomgåande kollektivtrasé og muligheit for skinnegåande transport.
4. Fylkesutvalget er åpen for, og ønskjer velkommen, nye og smartare modellar for å bygge og vedlikehalde veg, slik at vi får meir effektiv vegbygging og effektivt vedlikehald. Fylkesutvalet er imidlertid skeptiske til at Sotrasambandet skal verte bygd ut som ei OPS-utbygging. OPS er ikkje ein framtidsretta og moderne måte å finansiere samferdselsprosjekt på. Privat lånefinansiering av veg er dårleg forvaltning av fellesskapets pengar, og privat finansiering av offentlige veganlegg gir større finanskostnadar som til sjuande og sist må verte betalt av fellesskapet.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget er positiv til utbygginga av Rv 555 Storavatnet-Kolltveit Sotrasambandet.

Fylkestinget ser ikkje at nokon av dei tre skisserte alternativa er tenlege for prosjektet. Sotrasambandet er viktig i nasjonalt perspektiv, og fylkeskommunen må syta for at auka statleg finansiering sikrar fullfinansiering av Sotrasambandet.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (Frp).

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget er positiv til å delfinansiera utbygginga av Rv. 555 Storavatnet - Kolltveit, Sotrasambandet, med bompengar.
2. Fylkestinget sluttar seg til prinsippa for delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet som skildra i notat av 3.2.2016, kap. 2.1 - med tilrådd plassering av bomstasjonar/bomsnitt etter prinsipp 3, dvs. tovegs bompengerekkje i snittet mellom Bergen og Sotra, med bomstasjonar på nye og gamle Sotrabrua, med same takstnivå i begge punkta og ordinære rabattordningar i tråd med gjeldande retningslinjer. Fylkestinget ber om at desse føresetnadene vert lagt til grunn for utarbeiding av endeleg bompengesøknad.

PS 130/16 Ruteendring i Bergensområdet haust 2016 og bruk av auka budsjetttrammer

Forslag til innstilling

Tiltak for dei auka budsjetttrammene for kollektivdrift i 2016 er i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland og utgjer eit ytterlegare løft for kollektivtrafikken i Bergensområdet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Tiltak for dei auka budsjetttrammene for kollektivdrift i 2016 er i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland og utgjer eit ytterlegare løft for kollektivtrafikken i Bergensområdet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Tiltak for dei auka budsjetttrammene for kollektivdrift i 2016 er i tråd med Kollektivstrategi for Hordaland og utgjer eit ytterlegare løft for kollektivtrafikken i Bergensområdet.

PS 131/16 Søknad frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger, på vilkåra skildra i innstilling til fylkesutvalet punkt 3-5.
2. Løyvet gjeld til 19.05.2026.
3. Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Halhjem.
4. Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
5. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger, på vilkåra skildra i innstilling til fylkesutvalet punkt 3-5.
2. Løyvet gjeld til 19.05.2026.
3. Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Halhjem.
4. Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
5. Materiellet som vert nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen bad om at første setning i punkt 5 vert justert slik:

«Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteken.

Fylkesrådmannen sitt justerte forslag vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (MDG, SV) for innstillinga punkt 5.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 03.03.16 frå Tide Buss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Stavanger, på vilkåra skildra i innstilling til fylkesutvalet punkt 3-5.
2. Løyvet gjeld til 19.05.2026.
3. Løyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen - Halhjem.
4. Lokaltransport i Rogaland og rutetrasé som vert nytta i Rogaland skal vere godkjent av Rogaland fylkeskommune eller Kolumbus AS.
5. Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande norske avgasstandarden.

PS 132/16 Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen med høyringsinnspel

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

For beredskap knytt til hendingar på brusamband rundt Bergen (Nordhordalandsbrua, Sotrabrua, Askøybrua, Osterøybrua) legg fylkesutvalet til grunn at dei fire øyene til sambandet skal ha minst eit permanent ferje- eller skysstilbod med god kapasitet som er i drift eller der god infrastruktur er lett å ta i bruk."

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

For beredskap knytt til hendingar på brusamband rundt Bergen (Nordhordalandsbrua, Sotrabrua, Askøybrua, Osterøybrua) legg fylkesutvalet til grunn at dei fire øyene til sambandet skal ha minst eit permanent ferje- eller skysstilbod med god kapasitet som er i drift eller der god infrastruktur er lett å ta i bruk."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser på Beredskapsanalysen for brusambanda rundt Bergen som eit viktig bidrag i oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket.
2. Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sine merknader til høyringsinnspela, og tek beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen til orientering.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at den vidare oppfølginga av beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen vert gjort i samarbeid med aktørane i kontaktmøtet for sivil transportberedskap i fylket.

PS 133/16 Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

PS 134/16 Evaluering av drosjeverksemnda i distrikta i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek evalueringa til etterretning og legg til grunn at talet på aktive drosjeløyve i distrikta er i samsvar med etterspurnaden.
2. Fylkesutvalet oppmodar næringa til å rekruttera kvinner som løyvehavarar og sjåførar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at inaktive løyve som ikkje har vore kunngjort ledige dei siste 5 åra vert

sletta frå løyveregisteret.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek evalueringa til etterretning og legg til grunn at talet på aktive drosjeløyve i distrikta er i samsvar med etterspurnaden.
2. Fylkesutvalet oppmodar næringa til å rekruttera kvinner som løyvehavarar og sjåførar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at inaktive løyve som ikkje har vore kunngjort ledige dei siste 5 åra vert sletta frå løyveregisteret.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Kari Sørensen Bernardini (A) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hvilken mulighet har fylkesutvalget for å kreve miljøvennlig teknologi i taxinæringen?
Hindres eventuelle muligheter av lovverket, hvilke lover berøres så fall?»

Hordaland fylkeskommune har tidligere bestemt at all offentlig transport skal foregå på mest mulig miljøvennlig måte. Er miljøkrav innbakt i offentlige anbudsutlysning innen taxinæringen?

Svar oversendes fylkesutvalget og utvalg for miljø og samferdsel.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Bernardini sitt forslag vart mot 2 røyster (Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek evalueringa til etterretning og legg til grunn at talet på aktive drosjeløyve i distrikta er i samsvar med etterspurnaden.
2. Fylkesutvalet oppmodar næringa til å rekruttera kvinner som løyvehavarar og sjåførar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at inaktive løyve som ikkje har vore kunngjort ledige dei siste 5 åra vert sletta frå løyveregisteret.

PS 135/16 Statusendring av veg fv. 7 utanfor Lussanberget i Granvin herad

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eiga. Vegen til eigedommane på Lussandsida blir halde open heile året, medan resten av vegen vert vinterstengd.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eige. Vegen til eigedommane på Lussandsida vert halden open heile året, medan resten av vegen vert vinterstengd.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at heile gamlevegen fv. 7 frå nytt kryss vest for Lussand til nytt kryss ved Beggevik vert klassifisert som arm til fv. 7 med eigen HP, og vil fortsatt vera i fylkeskommunal eige. Vegen til eigedommane på Lussandsida vert halden open heile året, medan resten av vegen vert vinterstengd.

PS 136/16 Statusrapport museumsplanen 2012-2015

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at ei prioritering av tiltaka i museumsplanen har gjort det mogleg å få fram målretta satsingar og felles løft innan einskilde område på museumsfeltet.
2. Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som Kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.
3. Fylkestinget vil fortsetje arbeidet med målretta satsingar gjennom ein aktiv museumspolitik og museumsplanmidlar for å løfte fellessatsingar og utvikle dei økonomiske rammevilkåra.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget ser at ei prioritering av tiltaka i museumsplanen har gjort det mogleg å få fram målretta satsingar og felles løft innan einskilde område på museumsfeltet.
2. Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.
3. Fylkestinget vil fortsetje arbeidet med målretta satsingar gjennom ein aktiv museumspolitik og museumsplanmidlar for å løfte fellessatsingar og utvikle dei økonomiske rammevilkåra.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ser at ei prioritering av tiltaka i museumsplanen har gjort det mogleg å få fram målretta satsingar og felles løft innan einskilde område på museumsfeltet.
2. Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.
3. Fylkestinget vil fortsetje arbeidet med målretta satsingar gjennom ein aktiv museumspolitik og museumsplanmidlar for å løfte fellessatsingar og utvikle dei økonomiske rammevilkåra.

PS 137/16 Restaurering av verneverdige bygg - budsjettfordeling

Forslag til innstilling

K.stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	658.050.00	07520	02320	Stend vgs-renessansehage	2 400 000	
10	657.050.00	07521	02320	Hjeltnes gartnarskule - Isdalhuset	600 000	
10	400.650.00	07505	02303	Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000	

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

K.stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	658.050.00	07520	02320	Stend vgs - renessansehage	2 400 000	
10	657.050.00	07521	02320	Hjeltnes gartnarskule - Isdalhuset	600 000	
10	400.650.00	07505	02303	Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

K.stad	Prosjekt	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	658.050.00	07520	02320	Stend vgs - renessansehage	2 400 000	
10	657.050.00	07521	02320	Hjeltnes gartnarskule - Isdalhuset	600 000	
10	400.650.00	07505	02303	Verneverdige fylkeskommunale bygg		3 000 000
				3 000 000	3 000 000	

PS 138/16 Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressorlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, SV og Frp fram slikt forslag (a):

"Tillegg:

2. Det skal utarbeidast ein strategi for auka og bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass."

Kvamme trekte forslaget sitt.

Roald Kvamme sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag (b):

"Tillegg:

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kvamme sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressorlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressorlegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med ein strategi for auka bruk av biogass i kollektivtransporten i Hordaland med sikte på handsaming seinast innan desember 2016.
3. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å auka produksjon og bruk av biogass.

PS 139/16 Brukarkvotar i Transportordninga for funksjonshemma

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ei sak om arbeidsreiseordninga.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.04.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ei sak om arbeidsreiseordninga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ei sak om arbeidsreiseordninga.

PS 140/16 Bømlopakken - auka lånegaranti

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnargarantien for Bømlo Vegselkap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho truleg ville verte vald som medlem til Bømlo Vegselkap AS i løpet av dagen. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Anne Beth Njærheim tiltredde saksbehandlinga.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«På grunn av stor gjeldsgrad aukar ikkje Hordaland fylkeskommune sjølvskuldnargarantien for Bømlo vegselkap A/S.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Tomren sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnargarantien for Bømlo Vegselkap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.

PS 141/16 Godkjenning av årsrekneskapen 2015

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 vert godkjend.
2. Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til fond for finansiering av investeringar. Resten (kr 34 456 291,23) vert sett av til disposisjonsfond.
3. Fylkestinget godkjenner fylkesrådmannen si praktisering av fondsavsetjing knytt til samlefond for opplæringssektoren.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Punkt 2, 1. setning:
Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til nedbetaling av lån.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Tomren sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2015 vert godkjend.
2. Av overskotet vert 34 mill. kr sett av til fond for finansiering av investeringar. Resten (kr 34 456 291,23) vert sett av til disposisjonsfond.
3. Fylkestinget godkjenner fylkesrådmannen si praktisering av fondsavsetjing knytt til samlefond for opplæringssektoren.

PS 142/16 Finansrapport 1. tertial 2016

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2016 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2016 til orientering.

PS 143/16 Tertialrapport pr. april 2016 - rekneskapsprognose.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:
 - a) Investering

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		102 300 000
10 300 420 00	07700 00	07602	Bompengar	45 600 000	
10 300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre		12 300 000
10 639 020 00	02301 00	06020	Årstad vgs.	45 000 000	
10 790 100 00	09100 00	09979	Bruk av lån	14 500 000	
10 790 110 00	07290 00	09979	Momskompensasjon	9 500 000	
				114 600 000	114 600 000

3. b) Drift

Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 600 780 00	14700	Lærlingtilskot	11 875 000	
10 600 990 00	11000	Reguleringskonto	4 125 000	
10 700 200 00	18000	Rammetilskot		16 000 000
			16 000 000	16 000 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:
 - b) Investering

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		102 300 000
10 300 420 00	07700 00	07602	Bompengar	45 600 000	
10 300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre		12 300 000
10 639 020 00	02301 00	06020	Årstad vgs.	45 000 000	
10 790 100 00	09100 00	09979	Bruk av lån	14 500 000	
10 790 110 00	07290 00	09979	Momskompensasjon	9 500 000	
				114 600 000	114 600 000

3. b) Drift

Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 600 780 00	14700	Lærlingtilskot	11 875 000	
10 600 990 00	11000	Reguleringskonto	4 125 000	
10 700 200 00	18000	Rammetilskot		16 000 000
			16 000 000	16 000 000

PS 144/16 Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet Hjeltnes vgs – forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet Hjeltnes vgs – forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg.

PS 145/16 Evaluering av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar.
I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Ved juletretenningane i Edinburgh og Orknøyene og ved opninga av Festivalen «Les Boréales» ynsker fylkesutvalet at HFH politisk er representert på same nivå som i vertskapsregionane. Arrangementa kan og nyttast som ein arena for administrasjonen til utvikling av faglege samarbeidsaktivitetar etter behov.
4. Juletretenninga i Cardiff skal ikkje takast oppatt.
5. Fylkesutvalet stiller seg positive til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
6. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjevast i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.04.2016

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette fram slikt forslag (a):

«Fylkesrådmannens forslag til innstilling med unntak av punkt 3 vert vedteke.»

Fosse Andersen trekte forslaget.

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av R/SV/A/Sp/KrF/MDG/V/H/Frp fram slikt forslag (b):

«Fylkesrådmannens forslag til innstilling med unntak av punkt 3 og 4 vert vedteke.»

Røysting

Innstillinga med Fosse Andersen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar. I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Fylkesutvalet stiller seg positive til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
4. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjevast i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannens forslag til innstilling med unntak av punkt 3 og 4 vert vedteke.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar. I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Fylkesutvalet stiller seg positiv til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
4. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjevast i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, MDG og V fram slikt oversendingforslag til fylkesrådmannen:

«Ein ber om at samarbeidet med Cardiff vert vurdert gjenopptatt.»

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Håland sitt forslag vart mot 5 røyster (H, Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at samarbeidsregionane framleis skal nyttast som eit verktøy i det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune. Kontakten skal haldast ved like både på politisk og administrativt nivå.
2. Dagens samarbeidsregionar skal vidareførast, men Skottland v/Edinburgh og Orknøyene og Normandie skal prioriterast. Her skal Hordaland fylkeskommune ha ei offensiv rolle i høve til å initiere nye samarbeidsaktivitetar. I dei andre samarbeidsregionane skal ein primært vidareføre eksisterande aktivitetar som har gitt resultat, til dømes hordalandsklassane (vg2 i utlandet).
3. Fylkesutvalet stiller seg positiv til å inngå ein ny samarbeidsavtale med den nye regionen Normandie med vekt på kultur- og utdanningssamarbeid. Tema utover dette må vurderast ut frå felles interesser og behov i dei to regionane.
4. Behov for nye samarbeidsregionar må grunngjevast i eit potensiale for å nå vedtekne fylkeskommunale mål og strategiar.

PS 146/16 Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - Nytt vedtak

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal- og transport på Haugalandet" 11.05.2015 med følgjande endringar:
 - a. Områda på Ekrene vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3).
 - b. Endringar i føresegner, retningslinjer og handlingsprogram som gitt i vedlegg 1.
2. Fylkestinget delegerer fullmakta til å fråvike regional planføresegn for lokalisering av handel til fylkesutvalet. Samtykke skal gjevast i samråd med Rogaland fylkeskommune, fylkesmennene og kommunar saka gjeld.
3. Vedtaket føreset eit vedtak i Rogaland fylkeskommune som samsvarar med Hordaland fylkesting sitt vedtak. Dersom Rogaland fylkesting ikkje vedtek *Regional plan for areal- og transport på Haugalandet*, vert Hordaland fylkesting sitt vedtak av juni 2015 oppheva.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget i Hordaland vedtek "Regional plan for areal- og transport på Haugalandet" 11.05.2015 med følgjande endringar:
 - a. Områda på Ekrene vest skal kunne utbyggjast som bustadområde (fase 3).
 - b. Endringar i føresegner, retningslinjer og handlingsprogram som gitt i vedlegg 1.
2. Fylkestinget delegerer fullmakta til å fråvike regional planføresegn for lokalisering av handel til fylkesutvalet. Samtykke skal gjevast i samråd med Rogaland fylkeskommune, fylkesmennene og kommunar saka gjeld.
3. Vedtaket føreset eit vedtak i Rogaland fylkeskommune som samsvarar med Hordaland fylkesting sitt vedtak. Dersom Rogaland fylkesting ikkje vedtek *Regional plan for areal- og transport på Haugalandet*, vert Hordaland fylkesting sitt vedtak av juni 2015 oppheva.

PS 147/16 Uttale til Høring - Råd i kommuner og fylkeskommuner for ungdom, eldre og personer med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet støttar departementet sitt forslag til endring av kommunelova og nedlegging av særlovane om eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkesutvalet ber departementet om å vurdere lovfesting av ungdomsråd i kommunar og fylkeskommunar for å sikre at dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom vert styrka, både med legitimitet ved å representere heile fylket og ved kompetanse som ungdomane får med seg frå eit underliggende organ.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag, første avsnitt, vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag, andre avsnitt, vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

Fylkesutvalet støttar departementet sitt forslag til endring av kommunelova og nedlegging av særlovane om eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkesutvalet ber departementet om å vurdere lovfesting av ungdomsråd i kommunar og fylkeskommunar for å sikre at dei fylkeskommunale medverknadsorgana for ungdom vert styrka, både med legitimitet ved å representere heile fylket og ved kompetanse som ungdomane får med seg frå eit underliggende organ.

PS 148/16 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2015

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2015 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2015 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet.

PS 149/16 Beredskap i Hordaland fylkeskommune - premissar for overordna ROS-analyse

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek akseptkriteria slik dei ligg føre i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek akseptkriteria slik dei ligg føre i denne saka.

PS 150/16 Søknad om samtykke for handelsareal i Områdereguleringsplan for Smelteverkstomta - sentrum i Odda by - Odda kommune

Forslag til vedtak

Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* får Odda kommune samtykke til etablering av nytt handelsareal i samsvar med framlegg til *Områdereguleringsplan for Smelteverkstomta–sentrum i Odda by*.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* får Odda kommune samtykke til etablering av nytt handelsareal i samsvar med framlegg til *Områdereguleringsplan for Smelteverkstomta–sentrum i Odda by*.

PS 151/16 Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar revidert reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 18.05.2016

PS 10/16 vart trekt frå sakslista.

Vedtak

PS 10/16 vart trekt frå sakslista.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Vedtak

Saka vart trekt frå sakslista i administrasjonsutvalet sitt møte 18. mai, og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

PS 152/16 Mål og visjon for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek følgjande mål for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune:

Beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdiar og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkesting

Fylkestinget vedtek følgjande mål for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune:

Beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdiar og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.

PS 153/16 Regional planstrategi 2016-2020 - vedtak av høyringsforslag

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 forslag til regional planstrategi for perioden 2016-2020.
2. Fylkesutvalet fastset høyringsperioden til 1. juni - 15. september 2016.
3. Tilråding om endeleg planstrategi skal handsamast i alle fagutvala før slutthandsaming i fylkestinget i desember.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 forslag til regional planstrategi for perioden 2016-2020.
2. Fylkesutvalet fastset høyringsperioden til 1. juni-15. september 2016.
3. Tilråding om endeleg planstrategi skal handsamast i alle fagutvala før slutthandsaming i fylkestinget i desember.

PS 154/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

Før det ordinære møtet i fylkesutvalet deltok utvalet i dialogmøte med Avinor v/lufthamndirektør Aslak Sverdrup og var på synfaring på ny terminal på Flesland.

I fylkesordføraren sitt fråvær leidde fylkesvaraordføraren møtet.

I samband med PS 122/16 «Open høyring - rullering Skulebruksplanen 2017-2030» vart utkast til skulebruksplan og fem vedlegg delt ut.

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 120-153/16.

OPEN TIME

Terje Søviknes sette på vegner av Frp fram slik bestilling/oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Basert på planar for utbygging av Bybanen mot Fyllingsdalen og Åsane, ber fylkesutvalet om eit utførleg notat på dei økonomiske konsekvensane for Hordaland fylkeskommune.

Notatet må vurdere økonomiske konsekvensar for både investerings- og driftsbudsjetta til Hordaland fylkeskommune, gitt forventa statleg støtte til bybaneutbygginga, fylkeskommunen sin øvrige tenesteproduksjon og generelle økonomiske rammer.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, V, MDG), og vart med det ikkje vedteke oversendt.

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål (a):

«PS 83/16 Kollektivstrategi for Hordaland -årsrapport 2015
Når får ein svar på kva det kostar for bussar å stå i kø?»

Fylkesordføreren svarte slik:

«På grunn av kort frist var det ikkje mogeleg å gje svar til dette møtet. Det vil koma svar på neste ordinære møte i fylkesutvalet.»

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål (b):

«Kvifor er det store ubrukte midlar i Bergensprogrammet på gang- og sykkel 102,8 mill., brukt 59 mill. Er dette berre for i år eller er det slik fleire år?»

Fylkesordføreren svarte slik i samband med PS 133/16 «Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet»:

«I stor grad skuldast det samla avviket på programområda i Bergensprogrammet at tildelingar av belønningmidlar kom i løpet av og seint på hausten 2015. Dette er overførbare midlar som er ført over for bruk i 2016. Elles er det for gang- og sykkelposten unytta bompengar knytt til Hjellestadvegen og kollektivfeltet i Fyllingsdalen. Desse midlane vart løyvd for å sikre fullfinansiering av tiltaka, då unytta bompengar og kan førast over ved årsskiftet.

Dei andre åra har ein ikkje hatt det same økonomiske avviket for gang- og sykkelposten.

Meir detaljert informasjon står i årsrapporten for 2015.»

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål (c):

«BRB
Bergen kommune har trekt seg. Kva skjer vidare med det fylkeskommunale engasjementet?»

Fylkesrådmannen informerte om at han har fått opplyst at Business Region Bergen (BRB) vil verte lagt ned. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at etablerartenesta vert ivareteke av fylkeskommunen, og startar dialog med kommunane om evt. vidareføring av denne tenesta.

Silje Hjemdal (Frp) viste til oppslag i media om problemstillingar knytt til kollektivfelt på Sotrasambandet, og spurde om fylkeskommunen vil gjere noko med dette. Fylkesrådmannen gjorde merksam på at fylkestinget har vedteke at det skal vere kollektivfelt på Sotrasambandet.

Silje Hjemdal (Frp) uttrykte uro over fleire hendingar i samband med årets russefeiring, og spurde om fylkeskommunen evt. skal avvikle samarbeidet med russen. Fylkesrådmannen svarte at fleire moglege tiltak vil verte drøfta.

Anne Beth Njærheim (V) stilte slikt spørsmål:

«Kva er status angående korrespondanse lokal buss og Kystbussen på Føyeno og/eller Leirvik? Jamfør politiske signal om at det er eit mål at lokal kollektivtransport bør korrespondere med ekspressbuss, båt og tog.»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) stilte slikt spørsmål:

«26. april var det 30 år siden Tsjernobyl-ulykken, og dessverre kan denne typen ulykker fremdeles ramme - også oss. Hordaland ligger 800 km fra det kjernefysiske kraftverket i Sellafield, samt at en del av de utenlandske militære fartøyene som besøker Haakonsværn og våre kystområder er drevet av kjernekraft.

- Hvilken beredskap har Hordaland fylkeskommune i tilfelle kjernekraftulykker som vil kunne berøre innbyggere i fylket?
- Har Hordaland fylkeskommune en akutt-beredskapsplan for denne typen ulykker (varslingslinjer, akutt-tiltak, førstehjelpstiltak)?
- Hvordan skal eventuelt nødvendig informasjon raskt bli gjort tilgjengelig for befolkningen ved kjernekraftulykker?»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.